



Statens vegvesen

EGIL MAGNAR EIDSNES
EIDSNESVEGEN 107 B
5913 EIKANGERVÅG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/34716-7

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.07.2019

Bruksløyve – Avkøyrsløve – Fv. 393 – Gnr. 215 bnr. 88 og 89 – Lindås kommune

Vi viser til stadfesting på opparbeidd avkøyrsløve datert 28.06.2019.

Av stadfestinga går det fram at avkøyrsløve frå fv. 393 til eigedomane gnr. 215 bnr. 88 og 89 er ferdig opparbeidd i samsvar med løyvet vårt datert 06.04.2017.

På grunnlag av motteken stadfesting, gjev vi med dette endeleg godkjenning til bruk av avkøyrsløve.

Vi minner om at eigar eller brukar av avkøyrsløve sjølv har ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsløve* til kvar tid er oppfylt, herunder krav til frisikt (jf. vegloven § 43). Viss krava ikkje er oppfylt, kan Statens vegvesen trekke tilbake løyvet.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Trond Hollekim
fung. seksjonssjef

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.



Statens vegvesen

EGIL MAGNAR EIDSNES
EIDSNESVEGEN 107 B
5913 EIKANGERVÅG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/34716-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.04.2017

Løyve på vilkår – Avkjørsle – Fv. 393 – Gnr. 215 bnr. 2 – Lindås kommune

Vi viser til søknad av 13.03.2017.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve på vilkår til utvida bruk av avkjørsle frå Fv. 393 til frådeltte parsellar av gnr. 215 bnr. 2 i Lindås kommune. Dei frådeltte parsellane er gnr. 215 bnr. 88 og 89.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkjørsla skal plasserast i tråd med situasjonsplan /illustrasjon, datert 05.04.2017. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkjørsle*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld til to bustadtomter
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkjørsla skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebanen (sjå *Krav til utforming*). Eventuelle planter og liknande i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
4. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkjørsla skal ikkje vere meir enn 5,5 meter.
5. Stigningskravet må haldast (sjå *Krav til utforming*). Vi vil her gjere spesielt merksam på at avkjørsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 meterane.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
fir mapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

6. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedomen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentlig veg.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløse, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
8. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må du ta kontakt med Statens vegvesen som gjev bruksløyve til avkøyrsla, dersom vilkåra våre er oppfylt. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir sett i gang.
9. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsløsen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsløse* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløse frå.

Vi uttalte oss til søknad om dispensasjon til frådelling av to tomter i brev av 02.06.2014. Vi ga den gong uttrykk for at avkøyrsla måtte utbetrast med omsyn på svingradius før vi kunne godkjenne utvida bruk. Tomtene er no frådelt, men manglar avkøyrsløse.

Statens vegvesen var på synfaring 24 mars 2017. Vi vurderer at avkøyrsla for det meste oppfyller dei krav vi setter til teknisk utforming. Det er likevel behov for å utbetre svingradius, særleg retning høgre i avkøyrsla. Når svingradius er retta opp, og tilstrekkeleg markert, vil ein oppnå ein betre vinkling til fylkesvegen. Dette vil betre sikta i avkøyrsla. Dette vil også betre hellinga i avkøyrsla. Krav til helling kjem fram av vedlagte *Krav til utforming*.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Askedalen 4, 6863 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Vedlegg


Situasjonsplan / illustrasjon datert 05.04.2017
Krav til utføring av avkøyrsløse

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrivne signaturar.


KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

PLANSKISSE AV AVKØYRSLE

Revidert
02/2017



SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE

